

KVA LÅG TIL GRUNN FOR DETTE VALET?

Jau, det var eit ord slengt ut av ein harm mann på ein butikk. Det sitjande heradstyret hadde ruska opp i nokre litt lumre skattetilhøve. Ein av dei, som var tatt ved vengebeinet, sa på butikken nokre dagar før valet: *"Det er som det skulle vera berre kvinnfolk som har styrt!"* Ein nordlending som var telegrafist på radiostasjonen hørde det og fekk ideen. Det er slett ikkje urimeleg om Nils Kjær: "Det lykkelige valg" medverka. Telegrafisten fekk med seg nokre ungdomar, som saman fabrikkerer kvinnelista og fekk folk til å bruka henne. Alt gjekk for seg siste natta og tidleg valdagen. Det kom ut eit lite rykte om at noko var i gjære, men ingen trudde noko særleg på det eller visste kva det gjekk ut på. Likevel hadde Åsa Helgesen, ordførerfrua, fått med seg 6 kvinner til vallokalet for å hjelpa mennene sine. Det kom ikkje i tankane deira, at det gjaldt dei sjølv.

Det vart ikkje noko av trugsmålet mot telegrafisten. Han set enno i ein god stilling i Bergen i Telegrafverket si teneste.



UTSIRA KOMMUNE

I Bergen skreiv mange kvinner i Bergens Tidende avdi redaksjonen hadde skrive noko farga i favør av mannsstyre. Men Bergens Aftenblad let "poeten" tala.

**"Har du hørt den nye sensasjonen?
Det er slet ikke noe å flir'a
Mannen blev kastet og bare konen skal
råde for styret i Utsira"**

Til ei avis som ringde opp ordførar Sivert Helgesen og spurte om omval var naudsynt svara han kategorisk: "Nei!" Og kona hans, Åsa Helgesen, svara slik: *"Når me eingong er valt, så får me bli sitjande"*. Men det vart like fullt klaga til Justisdepartementet.

ÅSA HELGESEN OG ENDEN PÅ KVINNESTYRET...

Det nye heradstyret vart kalla inn til konstituerande møte 6. januar 1926, endå om siste klaga på valet ikkje var avgjort.

Heradstyret valde fru Åsa Helgesen, kona til tidlegare ordføraren til ordførar og Kaia Kvalvik til varaordførar. Åsa Helgesen var fødd på Røynesdal i Bjelland, Vest-Agder, den 11. februar 1877. Åsa Røynesdal, som namnet hennar då lydde, var ferdig på jordmorskulen i 1902 og kom noko etterpå til Utsira, der ho i 1907 vart gift med fiskar og gardbrukar Sivert Helgesen. Dei hadde 8 barn. Ho er ei mykje dugande kvinna. Enno lever ho i beste velgående. Mannen døydde i 1941. Han hørde til ei ætt med sterke tradisjonar i fiske og forretning. Men Sivert fekk interesser for mange andre ting også, slik at heimen deira på mange måtar vart eit kultursentrum. Det var ikkje minst fru Åsa sitt arbeid. Ho var frå 1905 formann i kvinnelaga for Sjømannsmisjonen og Santalmisjonene og var i det heile ei traust kvinne som skapa noko av det ho tok fatt i. Etter valet fekk ho mange brev og telegram med gilde ord og ynskje. *"Og det var sverande gildt"*, sa ho sidan.

Men kvinnene hadde ikkje hug i å halda fram. Ved valet i 1928 vart det nærast rekordframmøte. Det møtte 90 kvinner (Nb! Stemmer ikke helt med valgprotokollen! -82!) av 109 røysteføre, 82,6 prosent Dessutan 63 menn. Det var nærast rekord når det gjaldt kommunevalg. Det vart atter valt 12 menn og Sivert Helgesen overtok atter styret på Utsira etter kona si.

Det er god grunn til å minnst Åsa Helgesen. Norges første kvinneordførar. Ho tar ein fin plass i samfunnet vårt både som ordførar og som kvinna.

"Vi ønsker Utsiras kvinner, at de vil ha hell med sig i sin lille kommune og bli et eksempel for andre, både store og små.

Ola Thommesen, redaktør i Tidens tegn



Fylkesmann Tora Aasland, Tysvær-ordførar Borghild Yrkje og Vindafjord-ordførar Signy Rønnevik då bysten av Åsa Helgesen ble avduket på Utsira 8. mars i 1994.
Foto: TERJE STØRKSEN

U T S I R A
♀ ♀ ♀ ♀ ♀ ♀ ♀ ♂ ♀ ♀ ♀ ♀